



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 21.02.2017 kl. 15:15-17:30

Stad: ASKVOLL

Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Terje Mork	Medlem
Aud Eldrid Frøholm	Medlem
Ingvild Loftheim	Medlem
Leif Jørgen Leknes	Medlem
Halldis Rørvik	Medlem
Arne Fedøy	Medlem
Stein Hugo Fykse	Medlem
Else Stølen	Medlem
Karen Anny Espedal	Varamedlem

Forfall:

Harriett Norstrand	Medlem
Anne Grethe Lien	Medlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2017/9		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2017/10		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 10.01.2017	RUNE ZIENER
SR 2017/11		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
FR 2017/12		Utlysing trusopplæringsstilling	RUNE ZIENER
FR 2017/13		Kvammen kapell. Innvendig rehabilitering. Val av hovudløysingar.	RUNE ZIENER
FR 2017/14		Vegskilting. Kvammen kapell og Gjelsvik og Vågane gravplassar.	RUNE ZIENER
FR 2017/15		Vedlikehald av grøntanlegg ved Vilnes kyrkje sesongane 2017-2019. Val av tilbod.	RUNE ZIENER
FR 2017/16		Årsrekneskap og årsmelding 2016 (Utsett)	RUNE ZIENER
SR 2017/17		Justert møteplan	RUNE ZIENER

Askvoll, 21.02.2017

Rune Ziener (ref.)

SR 2017/9 Godkjenning av innkalling og dagsorden

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre, men sak FR 2017/16 vert utsett.

SR 2017/10 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 10.01.2017

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 10.01.2017.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 10.01.2017.

SR 2017/11 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv og meldingar vart lagt fram i møtet:

- M 2017/07 Melding om tilsetting
- M 2017/08 Vågane gravplass. Mogleg sikring.
- M 2017/09 Ny løpar til Holmedal kyrkje
- M 2017/10 Utstillingsmonter/skåp til gammal messehakel
- M 2017/11 Status for investeringsprosjekter på Vilnes. Synfaring ved Riksantikvar, bispekontor og fylkeskommune 5. april.
- M 2017/12 Kyrkjemusikken i Askvoll?
- M 2017/13 Kyrkjelydsutvalet i Askvoll: Møtereferat 13. februar.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar, og drøftingane til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar, og drøftingane til orientering, men med slik oppfølging i sak M 2017/12:
- Ein komité sett saman av Karen Espedal, Wenche Ness Gabrielsen, Aud Eldrid Frøholm og Jostein Gryte arbeider for at det vert arrangert ein kyrkjeconsert i påska.
- Soknerådet vil på litt lengre sikt utarbeide ein lokal plan for kyrkjemusikk, som gir oversyn over kva kyrkjemusikalske tiltak ein vil iverksetje gjennom året.

FR 2017/12 Utlysing trusopplæringsstilling

UTGREIING

Trusopplæringsstillinga i Askvoll sokn er ledig frå 1. mars 2017.

I soknerådmøtet 29. november drøfta ein i samband med saka om prestesituasjonen i Askvoll frå 1. januar, moglegheitene for eventuelt å kombinere trusopplæringsstilling med ekstra 50% presteressurs. Stiftsdirektøren er spurt om dette, men seier at det ikkje er eit aktuelt alternativ pr. i dag, pga. bispedømmerådet sin økonomiske situasjon. Ein har difor ikkje anna alternativ enn å halde fram med eigen deltidsstilling i soknet.

Kunngjering

Det er generelt krevjande å rekruttere inn i deltids trusopplæringsstillingar, så ein bør ha særleg merksemd på annonseringa.

Sist gang denne stillinga var ledig hadde ein 3 innrykk i Firda papirutgåve pluss annonse på stillingskarusell på nett. Dette har sjølv sagt ein kostnad, men dette vert finansiert med trusopplæringsstilskot.

Det er ikkje planlagd noko kyrkjebladutgjeving før i april, så aviskunngjering vert ekstra viktig.

Forslag til tidsplan:

Kunngjering av ledig stilling innan 24. februar:

Søknadsfrist 20. mars.

Intervju og tilsettingsmøte i ADMU innan 31.mars.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd kunngjer snarast ledig stilling som kyrkjelydsmedarbeider i 50%, og følger tidsplan som føreslege av kyrkjeveita.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd kunngjer snarast ledig stilling som kyrkjelydsmedarbeider i 50%, og følger tidsplan som føreslege av kyrkjeveita.

FR 2017/13 Kvammen kapell. Innvendig rehabilitering. Val av hovudløysingar.

UTGREIING

Askvoll sokn har motteke kostnadskalkyler for to alternative innvendige rehabiliteringsløysingar og planskisse med ombygd toalettdel frå SWECO AS.

Hovudalternativa som er kalkulert er:

Alt. 1: Rehabilitering med riving av eksisterande betonggolv	kr 1.127.280,-
Alt. 2: Rehabilitering med flyting av eksisterande betonggolv	kr 1.085.360,-

Begge alternativa vil vere innanfor budsjettet, forutsett tilstrekkeleg dognadsinnsats i prosjektet.
I begge alternativa ligg desse enkellementa:

- Felleskostnad (inkl. prosjektering)
- Innvendig rehabilitering av veggar/tak
- Ombygd toalettdel, samt nytt VVS-opplegg
- Nytt golvbelegg (vinyl) i skip, sidesal, storgang, våpenhus og toalettrom
- Varmekablar i sidesal, storgang og toalettrom

Hovudforskjellen mellom alternativa er at ein anten river eksisterande betonggolv eller at ein legg flytsparkel oppå eksisterande betonggolv. Dette gjeld sidesal, storgang og toalettromma. Ved begge alternativa legg ein ned nye varmekablar og opplegg for VVS. Løysinga med flytsparkel fører til meir arbeid for VVS-opplegg, samt nødvendig arbeid med tilpassing som heving av dører/foldevegg. Den siste løysinga er totalt sett den rimelegaste, men det vil kunne leggast til rette for meir dognadsarbeid for å halde kostnadene nede ved å velje løysinga med riving av golvet.

Drenering

I tillegg til planlagde tiltak innvendig viser det seg at det er trøng for bedre drenering utvendig, for å hindre at det står vatn inn på grunnmuren.

SWECO AS har kalkulert ein kostnad på kr 80.000,- for ei ny drenesgrøft langs kyrkja.

Dette er ikkje med i totalsummane over.

Dugnad

Kyrkjelydsutvalet i Kvammen har tidlegare meldt at dei vil sørge for at det kan verte gjort dognadsarbeid i samband med eit innvendig rehabiliteringsprosjekt.

Utvalet har fått tiltaksoversikten, og er bedt om å melde tilbake kva deltiltak dei kan ta ansvar for å utføre.

Val av golvdekke

I tiltaksplanen er det kalkulert inn og tilrådd vinylgolv, og ein må velje ei ønskeleg farge. Eksisterande grønnfarge kan vere noko «tung» for rommet. Etter drøfting med rådgjevar for kyrkjekunst i Bjørgvin bispedømme, bør ein ved legging av nytt golvdekke nytte ein lys gråfarge, som tek igjen betongkonstruksjonene i tak og søyler. Alternativt kan ein legge laminatgolv i trefarge i skipet og eventuelt i sidesalen. Her bør ein prøve seg litt fram med ulike golvprøver, og konkludere endeleg på eit seinare tidspunkt i dialog med bispekontoret.

Vedtaksmynde

Soknerådet har vedtaksmynde i saka for val av hovudløysingar.

Deltiltaka i oppsettet utanom ombygging av toalettromma og bytte av type golvdekke krev godkjenning frå biskopen.

Før søknad vert sendt inn bør soknerådet fatte vedtak i val av hovudløysing for rehabiliteringa, samt type golvdekke.

Ettersendt tilleggsutgreiing

I eit møte i kyrkjelydsutvalet i Kvammen vart det drøfta eit alternativ for innvendig rehabilitering som ikkje inneber at ein legg nye varmekablar i kapellet, men heller installerer varmepumper i skipet og sidesalen.

SWECO har på bakgrunn av dette laga ein kostnadskalkyle på eit tredje alternativ.

Dette alternativet er billegare enn alternativ 1 og 2 fordi ikkje treng gjere anna med betonggolvet enn å flikke på eventuelle ujamnheter (unnateke toalettromma). Varmepumper er også ein rimelegare varmekjelde enn varmekablar.

Kalkulert kostnad for dette alternativet ligg ca. kr 145.000,- under alternativet med flyting av golv. Totalt stipulat for løysinga (inkludert grøfting langs veggane og legging av nye avløypsrør) er kr 1.040.680,- og innanfor budsjett for prosjektet.

Varmepumper har fordelen at dei gir luftsirkulasjon i bygget, noko som reduserer risikoene for fuktksadar.

Ulempen er at dei inneber fasadeendring.

Etter ei vurdering av dette tredje alternativet vert ei ny innstilling sett fram.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek innvendig rehabilitering etter alternativ 3 i tiltaksplan utarbeidd av SWECO AS.
2. Som nytt golvdekke i skipet, sidesalen, storgangen, toalettromma og våpenhuset vel ein eit vinylbelegg i ei lys gråfarge, alternativt eit laminatgolv i trefarge i skipet/sidesalen. Ein prøver ut nokre aktuelle golvtypar før ein konkluderer endeleg.
3. Vidare vert det lagt ned ny dreneringsløysing med avløprør langs ytterveggen.
4. Når ein har kartlagt kva deltiltak som kan verte utført på dugnad, arbeider SWECO AS vidare med detaljplanlegging og tilbodsgrunnlag.
5. Søknad om godkjenning av interiør- og eksteriørendringane vert oversendt Bjørgvin biskop.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek innvendig rehabilitering etter alternativ 3 i tiltaksplan utarbeidd av SWECO AS.
2. Som nytt golvdekke i skipet, sidesalen, storgangen, toalettromma og våpenhuset vel ein eit vinylbelegg i ei lys gråfarge, alternativt eit laminatgolv i trefarge i skipet/sidesalen. Ein prøver ut nokre aktuelle golvtypar før ein konkluderer endeleg.
3. Vidare vert det lagt ned ny dreneringsløysing med avløprør langs ytterveggen.
4. Når ein har kartlagt kva deltiltak som kan verte utført på dugnad, arbeider SWECO AS vidare med detaljplanlegging og tilbodsgrunnlag.
5. Søknad om godkjenning av interiør- og eksteriørendringane vert oversendt Bjørgvin biskop.

FR 2017/14 Vegskilting. Kvammen kapell og Gjelsvik og Vågane gravplassar.

UTGREIING

Med utgangspunkt i vedtak i sak FR 2017/7 er det søkt om vegskilting til Kvammen kapell og Gjelsvik og Vågane gravplassar. Ein har motteke svar datert 30.01.2017 frå Statens vegvesen på søknad om å få på plass vegskilting.

Ein har fått løyve til:

2 stk. «vanleg vegvisar» på fv. 609 til Vågane gravplass

2 stk. «vanleg vegvisar» på fv. 609 til Gjelsvik gravplass

Ein har ikkje fått løyve til skilting på fv. 609 til Kvammen kapell, fordi det allereie er skilta til plassen Kvammen på fylkesvegen, men i staden skilt i krysset til kommunal veg.

Det er i løyvet teke etterhald om at Askvoll kommune skiltar til Gjelsvik gravplass på kommunal veg nede i Gjelsvika for at vegvesenet skal skilte ved fylkesvegen.

Askvoll kommune v/teknisk sjef har i e-post 13.02.2017 stadfesta at det vert arbeidd med å få til skilting mot gravplass i Gjelsvik på den kommunale vegen.

Samla utgift (eigendel) for skiltinga vil utgjere kr 11.400,- dersom eigendel vert krevd inn (dette er ikkje opplyst om i svarbrevet). Soknet kan i så fall dekke dette ved å gjere omdisponeringar innanfor gjeldande vedlikehalds- og utviklingsplan 2017.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godtek vilkåra som er sett i løyvet frå Statens vegvesen og arbeider vidare for å få på plass vegskiltinga.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godtek vilkåra som er sett i løyvet frå Statens vegvesen og arbeider vidare for å få på plass vegskiltinga.

FR 2017/15 Vedlikehald av grøntanlegg ved Vilnes kyrkje sesongane 2017-2019. Val av tilbod.

UTGREIING

Det har vore gjennomført tilbodskonkurranse med tilbodsfrist 15. februar 2017 om vedlikehaldsavtale på grøntanlegget ved Vilnes kyrkje sesongane 2017-2019.
Konkurransen har vore kunngjort i Firda og på soknet si heimeside.

Ein har motteke to tilbod innan fristen (frå Anleggsgartner Baarøy AS og Edvin Landøy).

Årelg kostnad ekskl. MVA ut frå forventa kontraktsomfang vert:

Baarøy AS:	kr 89.100,-
Edvin Landøy:	kr 74.250,-

Tilboden frå Edvin Landøy er mest konkurransedyktig, og ein bør velge dette.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd aksepterer tilboden frå Edvin Landøy om 3-sesongs vedlikehaldsavtale på grøntanlegget ved Vilnes kyrkje.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd aksepterer tilboden frå Edvin Landøy om 3-sesongs vedlikehaldsavtale på grøntanlegget ved Vilnes kyrkje.

FR 2017/16 Årsrekneskap og årsmelding 2016

UTGREIING

Saka vert ettersendt.

MØTEHANDSAMING

Saka vart utsett fordi rekneskapen ikkje er lagt fram.

SR 2017/17 Justert møteplan

MØTEHANDSAMING

Som følgje av utsetjing av sak FR 2017/16 vert utsett, justerer Askvoll sokneråd sin møteplan.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd justerer møteplan for første halvår 2017 slik:

Oppsett møte 18. april vert flytta fram til ein tysdag i mars. Endeleg dato vert fastsett når ein veit når rekneskapen er lagt fram.